Overføringsutgifter	147	79	79	0	0	0	0
Sum Driftsutgifter	10 908	12 540	12 540	11 707	11 707	11 707	11 707
Driftsinntekter							
Salgsinntekter	-1 110	-1 000	-1 000	-600	-600	-600	-600
Refusjoner	-2 814	-2 410	-2 410	-2 860	-2 860	-2 860	-2 860
Overføringsinntekter	-12 883	-15 000	-15 000	-16 000	-16 000	-16 000	-16 000
Sum Driftsinntekter	-16 808	-18 410	-18 410	-19 460	-19 460	-19 460	-19 460
Sum	-5 900	-5 870	-5 870	-7 753	-7 753	-7 753	-7 753

Beskriving av verksemda i dag

Vang læringssenter og Vaksenopplæring

- med vaksenopplæring etter integreringslova og førebuande opplæring for vaksne etter opplæringslova, kapittel 18 og 19.

Vang kommune bidrar til å dekke behovet for busetting av flyktningar. Læringssenteret har god kompetanse og lang erfaring med busetting og opplæring for flyktningar.

Læringssenteret sitt personale består hausten 2025 av leiar i 80 % stilling, 100 % flyktningkonsulent, 100 % programrådgjevar og 3,6 årsverk lærarar.

Vaksenopplæringa A204 har totalt 1,03 årsverk fordelt på 66 % lærarstilling og 37 % assistent som driv opplæring for vaksne med individuell tilrettelegging etter opplæringslova kap. 18 og 19.

Det er pr. oktober 2025 fordelt 13 flyktningar frå IMDI til kommunen. På grunn av endringar i flyktningfeltet vart Vang kommune anmoda om å justere talet på busettingar frå 20 til 15 i 2025.

Vang kommune har hausten 2025 totalt ansvar for oppfølging av 66 busette flyktningar.

Kommunale tenester knytt til busetting og integreringslova inneheld busetjing og rettleiing av flyktningar, opplæring i norsk, samfunnsfag, livsmeistring, foreldrerettleiing og andre tiltak som skal bidra til integrering i det norske samfunnet. Elevane skal ha introduksjonsprogram 30 – 37,5 time per veke som kan vare mellom 0,5 – 4 år. Flyktningtenesta har også medansvar for busette flyktningar i samarbeid med NAV og andre kommunale tenester i fem år (ansvarsperioden). Nokre som er busette i kommunen har også rett og plikt til norsk- og samfunnsfagopplæring, sjølv om dei ikkje har rett til introduksjonsprogram.

Læringssenteret har også ansvar for opplæring i norsk for ein del asylsøkarar, etter integreringslova § 5. Per oktober 2025 er det 40 asylsøkarar med denne plikta, noko som er ei betydeleg auke frå førre skuleår. Ukrainske flyktningar med kollektiv beskyttelse som bur på Vang mottakssenter har ikkje rett på opplæring i norsk, då målet for dei er rask busetting. Denne gruppa påverkar difor læringssenteret si verksemd i liten grad.

Vidare tilbyr læringssenteret førebuande opplæring for vaksne etter opplæringslova kap. 18 og 19, for dei som søker og fell innfor kriteria. Opplæringa skal leggjast opp slik at deltakarane så raskt som mogleg kan oppnå relevant kompetanse for arbeid eller vidare utdanning.

Vaksenopplæringa med individuell tilrettelegging jobbar for å

- sikre gode læringsmål for den enkelte.
- sikre ei fagleg undervisning tilrettelagt til den enkelte elev, med fokus på grunnleggjande ferdigheiter

Det er noko usikkerheit knytt til talet på elevar med rett til førebuande opplæring etter opplæringslova i 2026.

Utfordringar og strategi

Vang læringssenter og Vaksenopplæring

I budsjettforslaget for 2026 er det ved berekning av utgifter og inntekter lagt til grunn at Vang kommune får busett 15 flyktningar i 2025 og at kommunen også får busette 15 flyktningar og 3 einslege mindreårige (16-18) i 2026.

Det er lagt til grunn i budsjett 2026 at verksemda ved Vang læringssenter held fram med opplæring i norsk og samfunnsfag og introduksjonsprogram (arbeidsrettleiing) for flyktningar som kommunen har oppfølgingsansvar for. Kommunen vil også ha praktisk oppfølgingsansvar for allereie busette personar og nye busettingar, inkludert einslege mindreårige, der bistand med husvære og anna rettleiing står i fokus.

Samla lønsbudsjett for samleområdet «Vaksenopplæring» (A201 og A204) er i 2026 redusert med ca. 450.000 (før justering for lønsauke) basert på m.a. nokre reduserte stillingar etter søknad.

Andre driftsutgifter er budsjettet med ein reduksjon på ca. 550 000 der 300 000 er husleigeutgifter, som også er budsjettet ned på inntektssida.

Samla budsjetterte inntekter på A 201 i 2026 er på 19 250 000, som er ei auke med 1.050.000,- frå budsjett 2025. Dette gjeld husleigeinntekter, integreringstilskott for busetting, inkludert einslege mindreårige, og refusjon og sal av norskopplæring. Den største auka er knytt til integreringstilskotet ved busetting og meir sal av språkopplæring til andre kommunar.

Frivilligsentralen skal stimulere til frivillig innsats, skape opne møteplassar for befolkninga, og vere eit bindeledd mellom kommunen og frivillig sektor.

Fordeling på hovudart

Beløp i 1000

	Rekneskap 2024	Budsjett 2025	Rev.budsjett 2025	Økonomiplan			
				2026	2027	2028	2029
Driftsutgifter							
Lønn	953	1 336	1 336	939	939	939	939
Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon	281	258	258	258	258	258	258
Overføringsutgifter	47	18	18	1	1	1	1
Sum Driftsutgifter	1 282	1 612	1 612	1 198	1 198	1 198	1 198
Driftsinntekter							
Salgsinntekter	-6	0	0	0	0	0	0
Refusjoner	-62	-15	-15	-5	-5	-5	-5
Overføringsinntekter	-498	-479	-479	-468	-468	-468	-468
Sum Driftsinntekter	-566	-494	-494	-473	-473	-473	-473
Sum	716	1 118	1 118	725	725	725	725

Beskriving av verksemda i dag

- Dagleg leiar i 100%, men med 20% permisjon grunna verv som styreleiar i Norges Frivilligsentraler.
- Frivilligkoordinator i 50% stilling og 20% førebels stilling jamfør permisjonen til leiar.

Sentralen får øyremerka statstilskot på 468 000,-.

Frivilligsentralen har eget styre. Hovudutval for levkår og likeverd er årsmøte, og vedtek handlingsplan, årsmelding, inkomne framlegg samt val av styre og valkomité.

Frivilligsentralen skal:

- Førebygge einsemd og stimulere til frivillig innsats.
- Bygge fellesskap og skape møteplassar på tvers av alder, kultur, bakgrunn og interesser.
- Vere bindeledd mellom ulike sektorar, og ein støttespelar for frivillige lag.
- Inspirere lokalsamfunnet i arbeidet med berekraft, solidaritet og inkludering.

BUA Vang

I BUA kan alle låne gratis utstyr til friluftsliv, leik og idrett. Målet er sosial utjamning, at fleir kjem ut i aktivitet, og å stimulere til delingskultur og mindre forbruk.

Utfordringar og strategi


Målet for Frivilligsentralen i 2026 er å oppretthalde og vidareutvikle aktivitetar og tilbod knytt til frivilligsentralen sine mål og satsingsområder.

- Systematisere og styrke dei frivillige, og rekruttere fleir til nye og eksisterande tiltak.
- Jobbe med fritidserklæringa gjennom prosjektet *Aktive saman*.
- Skape opne møteplassar, aktivitetar og arrangement i samarbeid med biblioteket og andre.
- Koordinere TV-aksjonen, språkkafé, middagsservering, øvingskøying, julegåvedugnad, positivprisen, bulyst-teamet mm.
- Vidareutvikle prosjektet *Levande lokalsamfunn* gjennom kommunikasjonsarbeid, Møteplassen, tiltak mot digitalt utanforskap, samt eit nytt seniortreff.
- Samarbeide med nettverket i Valdres om ein felles foreningsportal og aktivitetskalender.
- Vidareutvikle BUA Vang og sjå på mogelegheiten for å få universelt utforma lokalar og fleire samarbeidsaktørar involvert.

c. Helse og Omsorg

Helse- og omsorgsetaten organiserer helse-, omsorg- og velferdstenestene i Vang kommune.

Brutto utgifter i % av kommunen sine totale brutto utgifter



Beskriving av verksemda i dag

I helse- og omsorgsetaten finn du:

- Helseavdelinga: Fysioterapiteneste, ergoterapiteneste, frisklivssentral, psykisk helseteneste, helsestasjons- og skulehelseteneste, migrasjonshelseteneste.
- Vangsheimen sjukeheim og heimebaserte tenester
- Vang legekontor
- Tilrettelagte tenestar
- Folkehelsekoordinator.
- Interkommunale samarbeid:
 - NAV Valdres
 - Vang og Vestre-Slidre Barnevernteneste
 - Øvre Valdres kommunepsykolog
 - Helsesjukepleiar ved Valdres vidaregåande skule
 - FACT- Valdres
 - Valdres lokalmedisinske senter (VLMS) <http://www.vlms.no/>
 - Kreftkoordinator
 - Valdres interkommunale legevakt
 - Intermediæravdeling
 - Kommunale akutte døgnplasser (KAD)
 - Kommunejordmorteneste
 - Hallingdal familie- og crisesenter og barnevernvakt
 - Miljøretta helsevern Hallingdal <https://mhvh.no/>

Fordeling på hovudart

Beløp i 1000

	Rekneskap	Budsjett	Rev.budsjett	Økonomiplan			
	2024	2025	2025	2026	2027	2028	2029
Driftsutgifter							
Lønn	89 494	96 798	96 798	100 313	101 313	101 313	101 313
Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon	11 854	8 998	8 998	9 950	9 950	9 950	9 950
Kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal egenproduksjon	31 316	24 772	24 772	26 917	25 917	25 917	25 917
Overføringsutgifter	2 015	1 263	1 263	1 163	1 163	1 163	1 163
Finansutgifter	19	0	0	0	0	0	0
Sum Driftsutgifter	134 697	131 831	131 831	138 343	138 343	138 343	138 343
Driftsinntekter							
Salgsinntekter	-5 393	-4 968	-4 968	-5 486	-5 486	-5 486	-5 486
Refusjoner	-20 746	-13 950	-13 950	-19 948	-19 948	-19 948	-19 948
Overføringsinntekter	-880	0	0	0	0	0	0
Finansinntekter og finansieringstransaksjoner	-474	-10	-10	-10	-10	-10	-10
Sum Driftsinntekter	-27 493	-18 928	-18 928	-25 444	-25 444	-25 444	-25 444
Sum	107 204	112 903	112 903	112 899	112 899	112 899	112 899

Kostra-analyse

	Vang 2023	Vang 2024	Etnedal	Vestre Slidre	Sør- Aurdal	Øystre Slidre	Nord- Aurdal	Kostragruppe 06	Innlandet
Prioritet									
Andel netto driftsutgifter til barn som er plassert av barnevernet (f.252)	8,9 %	28,8 %	55,9 %	38,3 %	51,0 %	53,0 %	59,2 %	50,1 %	51,8 %
Andel netto driftsutgifter til barn som ikke er plassert av barnevernet (f.251)	32,7 %	29,9 %	0,2 %	3,6 %	4,3 %	8,8 %	6,2 %	11,7 %	11,2 %
Andel netto driftsutgifter til saksbehandling (funksjon 244)	58,5 %	41,3 %	43,9 %	58,1 %	44,8 %	38,2 %	34,5 %	38,2 %	36,9 %
Netto driftsutgifter (funksjon 244, 251, 252) per barn med tiltak *)	283 363	313 593	588 500	256 786	594 188	457 367	487 404	343 649	380 620
Netto driftsutgifter per innbygger 0-17 år, barnevernstjenesten **)	21 488	31 755	46 076	22 997	25 273	25 488	27 467	24 081	19 550
Produktivitet									
Brutto driftsutgifter per barn som er plassert av barnevernet (f. 252) *)	551 708	813 333	493 250	1 400 000	605 750	519 357	535 871	613 834	608 720
Brutto driftsutgifter per barn som ikke er plassert av barnevernet (funksjon 251) *)	97 073	105 542	3 250	42 783	50 625	75 313	66 500	57 114	74 670
Brutto driftsutgifter til tiltak (funksjon 251, 252) per barn med tiltak *)	117 737	184 185	329 917	285 143	328 188	282 533	321 772	219 140	271 980
Korrigerte brutto driftsutgifter, institusjon, pr. kommunal plass *)	1 430 835	1 429 710	1 299 000	3 070 050	1 038 245	1 604 222	1 550 500	1 671 461	1 577 340
Utgifter per beboerdøgn i institusjon	6 857	7 576	4 032	10 458	4 142	6 238	5 892	5 706	5 200
Dekningsgrad									
Andel barn med barnevernstiltak pr 31.12 ift. innbyggere 0-17 år	4,7 %	6,9 %	2,1 %	3,7 %	2,6 %	4,1 %	2,8 %	3,8 %	2,8 %
Barn med undersøkelse ift. antall innbyggere 0-17 år	7,6 %	6,2 %	4,8 %	3,2 %	1,8 %	5,2 %	4,2 %	5,4 %	4,5 %
Kvalitet									
Andel plasser i enerom i pleie- og omsorgsinstitusjoner	100,0 %	100,0 %	100,0 %	100,0 %	100,0 %	100,0 %	100,0 %	98,6 %	99,1 %
Gjennomsnittlig listelengde	500,0	506,0	458,0	418,0	504,0	969,0	715,0	576,0	863,0
Reservekapasitet fastlege	103,0	102,0	109,0	102,0	119,0	101,0	101,0	106,0	103,0
Stillinger med fagutdanning per 1 000 barn 0-17 år	12,0	12,7	9,5	9,3	7,3	7,4	7,4	6,7	6,0

*) Inflasjonsjustert med deflator

Kommunalsjef Helse og Omsorg

Fordeling på hovudart

Beløp i 1000

	Rekneskap	Budsjett	Rev.budsjett	Økonomiplan			
	2024	2025	2025	2026	2027	2028	2029
Driftsutgifter							
Lønn	2 849	2 655	2 655	2 807	2 807	2 807	2 807
Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon	257	239	239	199	199	199	199
Kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal egenproduksjon	90	20	20	0	0	0	0
Overføringsutgifter	43	7	7	7	7	7	7
Sum Driftsutgifter	3 238	2 921	2 921	3 013	3 013	3 013	3 013
Driftsinntekter							
Salgsinntekter	-4	0	0	0	0	0	0
Refusjoner	-373	-357	-357	-357	-357	-357	-357
Sum Driftsinntekter	-377	-357	-357	-357	-357	-357	-357
Sum	2 861	2 564	2 564	2 656	2 656	2 656	2 656

Beskriving av verksemda i dag

Kommunalsjef og rådgjevar helse- og omsorg utgjør, ilag med leiarane for Vangsheimen og heimetenesta, tilrettelagde tenester, helseavdelinga og legekantoret etatsleiinga.

Kommunalsjefen har det overordna ansvaret for etaten: Utvikling, planarbeid, personal og organisasjon, fag, økonomi og informasjon.

Folkehelsekoordinator og kommuneoverlege er organisert hjå kommunalsjefen, men jobbar tverretatleg.

Stillingar:

- Rådgjevar helse- og omsorg 1 årsverk
- Kommunalsjef 1 årsverk

Utfordringar og strategi

Etatsleiinga skal :

- Utvikle gode og bærekraftige helse- og omsorgstenester
- Ha fokus på førebygging og livsmeistring i alle aldersgrupper.
- Samhandle tverrfagleg og tverretatleg, samt styrke samarbeid og oppgåvedeling med pårørande og frivillige
- Ta omsyn til folkehelseperspektivet i planlegging, utbygging og drift
- Vera ein attraktiv arbeidsgjevar som sikrar godt arbeidsmiljø, rett kompetanse, konkurransedyktig løn

Kommentar til økonomiplanen

Interkommunale tenester

Kommunepsykolog for Øvre Valdres:

Interkommunalt samarbeid med Øystre- og Vestre Slidre om ei 100% stilling for kommunepsykolog. Stillinga jobbar på tre nivå i dei tre kommunane: Forebygging og systemarbeid, rettleiing og fagstøtte til hjelpearar i kommunen, klinisk arbeid - born og unge. Vang har i 2025 hatt 50% stilling, stillingsstorleiken blir vidareført i 2026. Auken har i 2025 hovudsakleg vore finansiert av prosjektmidlar frå ordninga "Styrking av helsestasjon- og skulehelsetenesten" (Hdir). Det vil bli søkt prosjektmidlar også i 2026.

Legevakt

Oppfølging av utviklingsarbeidet som er gjort ved Valdres interkommunale legevakt vil medføre endringar i økonomiplanen i perioden. Det er ikkje lagt inn endringar i 2026.

Valdres lokalmedisinske senter, intermediær og akuttplassar

Vidareført utan endringar i 2026.

VLMS - Eiendom

Endra føresetnader i drift medfører ei lita auke i husleigekostnader i 2025 og 2026. Denne er forventa redusert igjen i økonomiplanperioden. Oppføring av nybygg ligg innanfor ramma. Drift av nybygget er i hovudsak finansiert med leigeavtaler. Det er Sykehuset Innlandet som er hovudleigetakar. Dette medfører at ein ikkje får momskompensasjon.

Miljøretta helsevern Hallingdal og Valdres

Vidareført uendra.


Hallingdal familie- og krisesenter, inkludert Barnevernvakt

Vidareført uendra.

Helseavdeling

Avdelinga omfattar små einingar som yter ulike helsetenester: fysioterapi, ergoterapi, psykisk helseteneste, frisklivssentralen, migrasjonshelseteneste, helsestasjon og skulehelseteneste. Tenestene er plassert på Vangstunet.

Brutto utgifter i % av kommunen sine totale brutto utgifter



Fordeling på hovudart

Beløp i 1000

	Rekneskap	Budsjett	Rev.budsjett	Økonomiplan			
	2024	2025	2025	2026	2027	2028	2029
Driftsutgifter							
Lønn	7 961	8 879	8 879	8 191	8 191	8 191	8 191
Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon	645	787	787	828	828	828	828
Kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal egenproduksjon	6 323	6 963	6 963	7 392	7 392	7 392	7 392
Overføringsutgifter	116	59	59	59	59	59	59
Sum Driftsutgifter	15 046	16 688	16 688	16 470	16 470	16 470	16 470
Driftsinntekter							
Salgsinntekter	-44	-52	-52	-52	-52	-52	-52
Refusjoner	-1 303	-544	-544	-884	-884	-884	-884
Finansinntekter og finansieringstransaksjoner	-3	0	0	0	0	0	0
Sum Driftsinntekter	-1 350	-596	-596	-936	-936	-936	-936
Sum	13 696	16 092	16 092	15 534	15 534	15 534	15 534

Beskriving av verksemda i dag

Fysioterapitenesta

Fysioterapitenesta består av førebyggjande verksemd, behandling, habilitering og rehabilitering, i og utanfor institusjon. Delar av fysioterapitenesta blir utøvd på helsestasjon, i skule, i barnehage, på sjukeheim, i ulike omsorgsbustader, samt til pasientar som har behov for opptrening i forbindelse med overføring frå sjukehus til eigen heim. Det er ein kommunalfysioterapeut i 100% stilling. I tillegg har kommunen privatpraktiserande fysioterapeutar på drifttilskot.

Årsverk: 1,0/kommunalt fysioterapeut. Driftstilskotsordning på 120% ,fordelt i mellom psykomotorisk fysioterapi (40%) og ordinær fysioterapi (80%).

Ergoterapitenesta

Ergoterapeuten arbeider med funksjonsvurdering, trening og tilrettelegging, habilitering, universell utforming, kvardagsmeistring, rehabilitering i heimen og formidling av hjelpemiddel for å nemne noko. Ergoterapeuten jobbar tverrfagleg opp mot barnehagane, tilrettelagde tenester, sjukeheimen, heimetenester og fysioterapitenesta.

Årsverk:1,0/ergoterapeut (p.t med 20% permisjon)

Psykisk helseteneste:

Psykisk helseteneste er eit helsetilbod retta mot menneske med utfordrande livssituasjonar; livskriser, psykiske lidningar og konsekvensar av dette hjå den enkelte, deira familie og nettverk. Tilbodet består av samtaler individuelt og i grupper, heimebesøk, informasjon og rettleiing. Det er utstrakt samarbeid med andre tenester, internt og eksternt.

Årsverk: 2,6/ psykiatriske sjukepleiarar (0,5 årsverk vakant)

Migrasjonshelseteneste

Vang har eit mottakssenter som er eit ordinær asylmottak med 150 plassar. Mottaket blir drifta av Hero mottak. Kommunen har ansvar for helsetenester til flyktningar og asylsøkkjarar, og det er tilsett ein sjukepleiar i tenesta. Hovudoppgåvene er kartlegging av helsebehova til bebuarane, vera eit bindeledd til øvrige helsetilbod i kommunen, oppfølging mot sjukehusnivå, smittevernoppgåver, generell rådgjeving, rettleiing mm. Sjukepleiar på mottak har tett samarbeid med flyktingtenesta i kommunen.

Årsverk: 1,0 /sjukepleier. (p.t med 20% reduksjon)

Helsestasjon og skulehelsetenesta

Helsestasjon og skulehelsetenesta er ei lovpålagt tenest, og eit heiskapleg tilbud til born og unge og deira familiar. Tenesta omfatter helseundersøkelser, vaksiner, oppsøkjande verksemd, helseopplysning og veiledning.

Inndeling av oppgåvene:

- 80% på helsestasjon 0-5år,
- 100% skulehelsetenesta,
- 100% delt til leiinga av heile helseavd/ledende helsesjukepleier, rådgjeving og utvikling barnekoordinatortjenester mm.

I 2020 vart det søkt midlar frå Helsedirektoratets tilskottsordning "Styrking- og utvikling av helsestasjons- og skulehelsetjenesten". Dette for å styrke helsesjukepleiarstillinga i skulehelsetenesta, samt forbetra tverrfagleg arbeid. Prosjektet har gått under namn: Ung i Vang. Prosjektet er i ordinær drift frå 2024, men det blir framleis søkt midlar frå Helsedirektoratet til å kunne oppretthalde helsesjukepleiar på skulen opp mot 100%.

Årsverk: 2,4 helsesjukepleiar 0,4 årsverk leiar helseavdelinga

Frisklivssentralen

Er eit kommunal førebyggjande helseteneste og tilbyr hjelp til endring og meistring av levevanar. Frisklivsrettleiar har individuell oppfølging og gruppetilbod. Samarbeidar med treningssenter i kommunen. Deltek i Ung i Vang

Årsverk: 0,50 frisklivsrettleiar.

Utfordringar og strategi

Det er relativt ny stab på avdelinga; 6 av 11 tilsette har kortare enn 3 års ansiennitet i kommunen. Det har lykkas å finne godt kvalifiserte personar på alle stillingar, trass i landsomfattande mangel på helsepersonell. Sjukefråvær og korte permisjonar er vanskeleg å få dekkja opp i små einingar med lita personalgruppe.

Hovudfokus framover er å behalde tilsette, samt arbeide for få 100% stillingar for dei som ynskjer dette. Det skal og arbeidast med internkontroll, forbetring av prosedyrar og digitalisering av tenester.

Leiar helseavdelinga

Vidareførast uendra. 0,4 årsverk.

Fysioterapitenesta

Vidareførast uendra. 1 årsverk, 1,2 årsverk driftstilskott

Ergoterapitenesta

Vidareførast uendra. 1 årsverk

Psykisk helseteneste

Jobbar for å styrke stillinga som kommunepsykolog med 50% vakant heimel for spesialsjukepleiar. Sjå interkommunale tenester.

Årsverk: 2,6 spesialsjukepleiar blir eventuelt endra til 2,1 årsverk spesialsjukepleiar + 0,5 -1 årsverk psykolog.

Migrasjonssjukepleiar (helsetenester i mottak og for busette flyktningar:

Situasjonen i verda endrar seg raskt og flyktningstraumar er vanskeleg å føresjå. Utlendingsforvaltningen lagar eit anslag over talet på asylsøkjjarar til Norge for dei komande 12-24 månadene, tala blir justert 4 gonger ila året. Det er fast antall plasser på mottak i Vang, men kor lenge kvar asylsøkjjar blir her, varierer mykje. Asylsøkjjarane er hovudsakleg frå Ukraina, noko som medfører rask busetjing og høg turn over på mottaket.

Sjukepleiarressursen er på 80%, 20% vakant.

Helsestasjon- og skulehelsetenesta:

Skulehelsetenesta: 100% stilling

Helsestasjonstenesta: 160% stilling.

Det er vikar i 100% stilling grunna fødselspermisjon.

Frisklivssentralen:


Vidareført 0,5 årsverk i 2026.

Vang legekantor

Avdelinga omfattar fastlegeteneste, legevakt, naudnett, betaling for medisinsk behandling i utlandet og tilskott til Norsk Pasientskadeerstatning.

Brutto utgifter i % av kommunen sine totale brutto utgifter

Økonomiplan for 2026-2029



Fordeling på hovudart

Beløp i 1000

	Rekneskap	Budsjett	Rev.budsjett	Økonomiplan			
	2024	2025	2025	2026	2027	2028	2029
Driftsutgifter							
Lønn	7 207	7 766	7 766	9 129	9 129	9 129	9 129
Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon	810	1 036	1 036	1 133	1 133	1 133	1 133
Kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal egenproduksjon	199	185	185	205	205	205	205
Overføringsutgifter	168	175	175	75	75	75	75
Sum Driftsutgifter	8 384	9 162	9 162	10 542	10 542	10 542	10 542
Driftsinntekter							
Salgsinntekter	-801	-700	-700	-800	-800	-800	-800
Refusjoner	-2 582	-2 400	-2 400	-3 075	-3 075	-3 075	-3 075
Sum Driftsinntekter	-3 382	-3 100	-3 100	-3 875	-3 875	-3 875	-3 875
Sum	5 002	6 062	6 062	6 667	6 667	6 667	6 667

Beskriving av verksemda i dag

Vang legekantor har 3 fastlegar, tilsaman 2,5 årsverk.

I tillegg til fastlegeteneste og legevakt/ø-hjelp på dagtid, har legane desse oppgåvene som del av stillinga:

- Helsestasjonslege 10%
- Sjukeheimslege 30%
- Smittevernlege 10%
- Kommuneoverlege / leiar legekantoret 30%

Hjelpepersonell for legekantoret er 2,6 årsverk fordelt på 3 personar: 1 sjukepleiar (vakant), 1 hjelpepleiar og 1 sjukepleiar.

Vang kommune har avtale med Miljøretta helsevern Hallingdal og Valdres. <https://mhvh.no/>

Utfordringar og strategi

- Vang legekantor skal medverke til ei heilskapleg behandlingsskjede for personar med psykisk og somatisk sjukdom i nært samarbeid med sjukehusa og andre kommunar og andre tenesteområde i kommunen.


- Oppretthalde noverande tenestenivå.

Utfordringar:

- Fastlegar for stadig nye arbeidsoppgåvar, og antall konsultasjonar aukar. Det har siste år vore svært vanskelig å rekruttere til fastlegestillingar, og det er difor viktig å behalde stabil legedekning i kommunen, ved å ta vare på dei legane me har.
- Belastninga for fastlegane er stor med legevakt i tillegg til dagjobb på legekantoret. Med nattevaktar, og fri i tilknytning til helgevakt medfører dette ein del fråvær på dagtid som gir sårbarhet knytta til bemanning.
- Jobbe for å få LIS1 (lege i spesialisering 1), for å sikre stabilitet i tenesten. Kommuneturnus for LIS 1 lege er 6 mdr. periodar. Kommunen har lønsutgifter, men får og eit tilskott. LIS 1 medfører difor ikkje store utgifter for kommunen men sjølvstøtt rettleiing og oppfølging av LIS1 legen.
- Oppfølging av Rapport legevakta mot 2030 knytt til drift av legevakt og organiseringsmodell.

NAV og barnevern

Brutto utgifter i % av kommunen sine totale brutto utgifter



Fordeling på hovudart

Beløp i 1000

	Rekneskap 2024	Budsjett 2025	Rev.budsjett 2025	Økonomiplan			
				2026	2027	2028	2029
Driftsutgifter							
Kjøp av varer og tenester som erstatter kommunal egenproduksjon	12 413	12 748	12 748	13 157	12 157	12 157	12 157
Sum Driftsutgifter	12 413	12 748	12 748	13 157	12 157	12 157	12 157
Sum	12 413	12 748	12 748	13 157	12 157	12 157	12 157

Beskriving av verksemda i dag

I Valdres har **NAV-kontoret** ansvar for desse kommunale tenestane:

- Økonomisk sosialhjelp, inkludert aktivitetsplikt for personar opp til 30 år
- Kvalifiseringsprogrammet
- Økonomisk råd og rettleiing
- [Husbankens bostøtte](#)
- Behandle søknadar om [Husbankens startlån](#) eller bustadtilskott til etablering / tilpassing
- Midlertidig butilbod for personar utan bustad

NAV har ansvar for sosialt førebyggjande arbeid m.a. rusmiddelarbeid og skjenkeløyve/-kontroll). Valdreskommunane har eit prøveprosjekt med FACT-team (Flexibel assertive community treatment). NAV har framleis sjølvstendig ansvar overfor personar med rusproblem: Tiltak for rusmiddelmisbrukarar, m.a. institusjonsopphald, behandlingstiltak for rusmisbrukarar og ettervern.

Felles barnevernteneste for Vang og Vestre Slidre er eit interkommunalt samarbeid mellom kommunane Vang og Vestre Slidre der Vestre Slidre er vertskommune og Vang er samarbeidskommune.

Barneverntenesten er organisert under vertskommunen sin leiar for familie, helse og forebygging.

Tenesten har 6,2 faste fagstillingar og 0,4 fast merkantil stilling. I tillegg til dette har tenesten hatt ei styrking på 0,4 for å dekke opp for tilsette som er i utdanning- (jf. Kompetansekrav i ny bvl).

Tenesten er for liten til å kunne ha ei teaminndeling, barneverntenesten jobbar difor etter generalistmodellen. Det vil seie at saksbehandlarane følgjer ei sak frå a til å – frå melding, undersøking og vidare med tiltak.

Funksjon 244 barnevernteneste: grunnleggjande saksbehandling innanfor barnevernet samla, inkludert innkjøp av naudsynte tenester.

Funksjon 251 barneverntiltak i familien:

- tiltak til barn og familiar i heimen
- Utgifter knytt til undersøkingssaker, inkludert sakkyndig utgreiingar

Funksjon 252 barneverntiltak utenfor familien:

- fosterheim, institusjonar, tilsynsførarar og ettervern

Målgrupper for tenestane

- barn som har behov for bistand i familien for ikke å oppleve vidare omsorgssvikt
- barn som etter barnevernloven har behov for et skifte av omsorgsbasis

Utfordringar og strategi

NAV Valdres

Budsjettet for NAV Valdres er vidareført utan vesentlege endringar unnateke økonomisk sosialhjelp.

FACT

FACT er vidareført i drift i 2026. Ny betalingsfordeling er ikkje avklara. Budsjettet med kr. 310' i 2026


Vang og Vestre Slidre Barnevernteneste

Auka tiltak til barn og familiar, samt behov for bruk av vikarar/konsulentar, medfører ei auke i budsjettet for 2026 på 1,8 millionar i fht budsjett 2025.

Vangsheimen og heimetenesta

Omfattar langtids-, korttids-, og avlastingsplassar i institusjon, heimesjukepleie, heimehjelp, dag- og aktivitets-tilbod, middagsombringning, tryggleiksalarm m.v.

Brutto utgifter i % av kommunen sine totale brutto utgifter



Fordeling på hovudart

Beløp i 1000

	Rekneskap 2024	Budsjett 2025	Rev.budsjett 2025	Økonomiplan			
				2026	2027	2028	2029
Driftsutgifter							
Lønn	46 670	49 188	49 188	49 949	49 949	49 949	49 949
Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon	7 428	5 922	5 922	6 766	6 766	6 766	6 766
Kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal egenproduksjon	1 175	403	403	403	403	403	403
Overføringsutgifter	750	979	979	979	979	979	979
Finansutgifter	19	0	0	0	0	0	0
Sum Driftsutgifter	56 041	56 492	56 492	58 097	58 097	58 097	58 097
Driftsinntekter							
Salgsinntekter	-4 225	-3 816	-3 816	-4 281	-4 281	-4 281	-4 281
Refusjoner	-3 474	-2 876	-2 876	-3 649	-3 649	-3 649	-3 649
Overføringsinntekter	-880	0	0	0	0	0	0
Finansinntekter og finansieringstransaksjoner	-471	-10	-10	-10	-10	-10	-10
Sum Driftsinntekter	-9 050	-6 702	-6 702	-7 940	-7 940	-7 940	-7 940
Sum	46 991	49 790	49 790	50 157	50 157	50 157	50 157

Beskriving av verksemda i dag

Vangsheimen langtid

Brukarretta oppgåver i samband med helse- og omsorgstenester i institusjon med 16 langtidsplassar og produksjonskjøkken.

Korttidsavdeling og heimeteneste

Korttidsopphald i institusjon 6 plassar; utgreiing, behandling, rehabilitering, tryggleiksopphald, lindrande behandling. 2 avlastnings plassar. Praktisk støtte og opplæring (heimehjelp og

kvardagsrehabilitering), helsetenester i heimen (heimesjukepleie) transporttenester, matombringing, tryggleiksalarm.

Dagtilbod og demensteam

Dagaktivitetstilbod til heimebuande.

Valdres lokalmedisinske senter (VLMS) – intermediæravdeling og KAD (kommunale akutte døgnplassar)

Avdelinga har 8 intermediærplassar (behandlingsnivå mellom sjukeheim i kommune og sjukehus) og 2 observasjonssenger for legevakta somatikk/psykiatri.

Utfordringar og strategi

Overordna mål:

Utvikle gode og bærekraftige helse - og omsorgstenester

- Langtidsopphald, korttids-, rehabiliterings- og avlastingsopphald med god fagleg kvalitet.
- Naudsynt og forsvarleg helsehjelp ytast i heimen / bustad så lenge det er mogleg.
- *Praktisk støtte og hjelp i heimen* til menneske med endra funksjonsnivå grunna fysisk eller psykisk sjukdom.
- Kvardagsrehabilitering - Aktiv førebygging for å sikre god helse og godt funksjonsnivå
- *Avlasting* til pårørande med ansvar for personar med særleg hjelpebehov, slik at dei kan ha omsorg for sine næraste i heimen lengst mogleg, og samstundes meistre kvardagen.
- Naudsynt helsehjelp, pleie og omsorg til pasientar som er utskravingsklare frå sjukehus og har behov for vidare helsehjelp i kommunen.
- Dagaktivitetstilbod for heimebuande personar med kognitiv svikt, Solgløtt – vidareutvikle tilbodet og informasjon om dette for å nå fleire i målgruppa

Strategi og tiltak:

- Bygge fleire omsorgsbustader for at eldre i framtida skal kunne klare seg lengre sjølv i tilrettelagt bustad i umiddelbar nærleik til tenestane.
- Auka samarbeid med frivillige, oppgåveoverføring fra helsepersonell til frivillige som ledd i å utvikle bærekraftige helse- og omsorgstenester.
- Rekruttere og behalde kvalifisert personale:
 - Sommar-turnus og bonusbetaling for ekstrasjelger, jobbe for å unngå bruk av vikartenester.
 - Kompetanseheving gjennom internundervisning, vidareutdanning, studiegrupper, kurs. Vidareføre bruk av e-læring.
 - Støtteordningar for tilsette som tek utdanning
 - Stipendordning for m.a sjukepleiarstudentar
 - Utdanningsstillingar
- Arbeidsmiljø og HMS;
 - kontinuerleg internkontrollarbeid, ma oppfølging av risikovurdering og handlingsplanar.
 - Arbeid med HMS grupper og nærværarbeid med Medco
- Implementere og utvikle ulike velferdsteknologiske løysingar for å sikre ei betre og meir bærekraftig framtid for både eldre og sjuke menneske og samfunnet som heilheit.

- Deltagelse i TAKT læringsnettverk;
 - Berekraftig tenestetildeling – om å samskape morgondagens lokalsamfunn, der tenestene er ein del av, men ikkje løysinga på det gode livet.
 - Fokus på kommunen si tildelingspraksis – korleis omstille slik at det skal vere mogleg å tilby berekraftige tenester også i framtida.

Kommentarar til økonomiplanen:

Det er ikkje lagt inn vesentlege endringar i økonomiplanen for 2026. Fleire tiltak er vidareført.


- Fag- og digitaliserings sjukepleiar vidareførast i drift
- Prosjektering og bygging av omsorgsbustader: Moglegheitsstudie, detaljregulering er utsett til 2026 grunna kapasitetsmangel i 2024 og 2025.
- Investering i velferdsteknologi - vidareført med 500' kr.
- Lisensar mv. er auka med omlag 500' kr.
- Utgifter til overtid og vikartenester er auka med omlag 800' kr.

Tilrettelagte tenester

Tilrettelagte tenester skal levere tenester etter Helse- og omsorgstjenesteloven § 3-2, punkt 6, bokstav a-c til innbyggjarane i kommunen. Dette gjeld for menneske som har behov for tenester grunna fysiske eller psykiske funksjonsutfordringar.

Me har delt inn tenestene i Base Sør, Bakkehaugen og Base Nord, Grindatun. Lund arbeids- og aktivitetssenter/VTA (varig tilrettelagt arbeid), er lokalisert i Vang sentrum.

Brutto utgifter i % av kommunen sine totale brutto utgifter




Fordeling på hovudart

Beløp i 1000

	Rekneskap 2024	Budsjett 2025	Rev.budsjett 2025	Økonomiplan			
				2026	2027	2028	2029
Driftsutgifter							
Lønn	24 807	28 309	28 309	30 237	31 237	31 237	31 237
Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon	2 714	1 014	1 014	1 024	1 024	1 024	1 024
Kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal egenproduksjon	11 117	4 453	4 453	5 760	5 760	5 760	5 760
Overføringsutgifter	939	43	43	43	43	43	43
Sum Driftsutgifter	39 575	33 819	33 819	37 064	38 064	38 064	38 064
Driftsinntekter							
Salgsinntekter	-320	-400	-400	-353	-353	-353	-353
Refusjoner	-13 014	-7 773	-7 773	-11 983	-11 983	-11 983	-11 983
Sum Driftsinntekter	-13 334	-8 173	-8 173	-12 336	-12 336	-12 336	-12 336
Sum	26 242	25 646	25 646	24 728	25 728	25 728	25 728

Fordeling på eining (graf)

Beløp i 1000 kr



Beskriving av verksemda i dag

Tilrettelagde tenester har kontor ved Vangsheimen i Vang sentrum.

Tenester som ligg inn under Tilrettelagte tenester er t.d. praktisk bistand, miljøretta tiltak/ arbeid, rettleiing i eigen heim, støttekontakt, avlasting, omsorgsstønad, personlege assistentar (PA) og brukarstyrt personleg assistanse (BPA), ledsagerbevis og parkeringsbevis.

Leiar for tilrettelagde tenester er sakshandsamar, i tillegg til å vera leiar for tenesten med budsjett, personalansvar og andre administrative oppgåver.

Tilrettelagde tenester har to bukollektiv: Grindatun og Bakkehaugen, samt Lund arbeidsbase som er eit arbeids- og aktivitetssenter.

Utfordringar og strategi

Tilrettelagte tenestar

Målsetjing:

- Medverke til ein tilrettelagt og trygg livssituasjon for pasientar og brukarar.
- God kvalitet på tenestene og brukarmedvirkning

Utfordringar og strategi


- Auka etterspurnad etter individtilpassa tenster
- Redusert tilgang på arbeidskraft til å yte tenestane

Tiltak

- Ta i bruk teknologi i tenestane
- Fokus på god ressursbruk og tenester på rett nivå
- Fokus på gode aktivitetar og fornuftig, berekraftig produksjon innan dei aktuelle områda i arbeid og aktivitet.

d. Landbruk og Teknisk

Brutto utgifter i % av kommunen sine totale brutto utgifter



Fordeling på hovudart

Beløp i 1000

	Rekneskap	Budsjett	Rev.budsjett	Økonomiplan			
	2024	2025	2025	2026	2027	2028	2029
Driftsutgifter							
Lønn	25 155	27 069	27 069	29 832	29 832	29 832	29 832
Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon	23 297	22 223	22 223	25 994	25 994	25 994	25 994
Kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal egenproduksjon	14 758	9 813	9 813	11 409	11 409	11 409	11 409
Overføringsutgifter	7 128	3 125	3 125	2 985	2 985	2 985	2 985
Finansutgifter	18	0	0	0	0	0	0
Sum Driftsutgifter	70 356	62 230	62 230	70 220	70 220	70 220	70 220
Driftsinntekter							
Salgsinntekter	-25 726	-25 017	-25 017	-30 147	-30 147	-30 147	-30 147
Refusjoner	-8 805	-6 121	-6 121	-5 472	-5 472	-5 472	-5 472
Finansinntekter og finansieringstransaksjoner	-13	-6	-6	-6	-6	-6	-6
Sum Driftsinntekter	-34 545	-31 144	-31 144	-35 625	-35 625	-35 625	-35 625
Sum	35 811	31 086	31 086	34 595	34 595	34 595	34 595

Kostra-analyse

	Vang 2023	Vang 2024	Etnedal	Vestre Slidre	Sør- Aurdal	Øystre Slidre	Nord- Aurdal	Kostragruppe 06	Innlandet
Prioritet									
Administrasjonslokaler brutto driftsutgifter beløp pr innb (kr) *) **)	645	934	197	834	719	767	761	854	63
Antall utrykninger: sum utrykninger til branner og andre utrykninger pr. 1000 innbyggere	16,4	36,4	38,3	32,2	35,8	49,5	36,4	18,7	
Brann- og ulykkesvern nettodriftsutgifterandel av totale utgifter (prosent)	4,0 %	1,9 %	2,1 %	2,0 %	1,8 %	1,5 %	2,1 %	2,0 %	1,4
Brutto investeringsutgifter til boligformål per innbygger i kroner *)	1 746	2 938	33	6	0	2 443	3 855	5 375	1 15
Landbruksforvaltning og landbruksbasert næringsutvikl. nettodriftsutgifterbeløp pr innb (kr) *) **)	235	348	114	116	97	148	90	173	14
Netto driftsutgifter til funksjon 338 pr. innbygger *)	2 557	386	-247	-110	-201	-92	-62	188	9
Netto driftsutgifter til funksjon 339 pr. innbygger *)	1 517	1 947	2 699	2 020	2 010	1 545	2 074	1 947	1 08
Produktivitet									
Brutto driftsutgifter i kr pr. km kommunal vei og gate *)	219 454	223 391	109 750	209 440	137 755	241 968	321 920	154 621	176 94
Vann - Driftsutgifter per tilknyttet innbygger (kr/tilkn.innb) *)	8 218	4 687	5 234	8 496	2 885	10 656	3 374		1 93
Vann - Gebyrinntekter per innbygger tilknyttet kommunal vannforsyning (kr/tilkn.innb) *)	9 509	6 959	11 514	10 854	3 806	20 393	5 186		3 56
Årsgebyr for avløpstjenesten - ekskl. mva. (kr) *)	6 862	7 110	6 625	9 820	12 201	8 758	3 917	5 690	7 40
Kvalitet									
Antall nye søknader per 1000 innbyggere	7,0	2,0	9,0	6,0	8,0	9,0	6,0	7,0	8,
Antall søknader per 1000 innbyggere	7,0	2,0	10,0	7,0	9,0	10,0	13,0	10,0	10,
Antall utstedte parkeringstillatelser for forflytningshemmede pr. 10 000 innb	61	49	112	215	177	0	78	92	14
Estimert gjennomsnittsalder for kommunalt spillvannsnett med kjent alder (år)	29,0	30,0	17,0	28,0	35,0	27,0	31,0		33,
Renovasjon - Husholdningsavfall per innbygger (kommune)	685	491	492	490	491	491	491	0	
Renovasjon - Levert til materialgjenvinning og biologisk behandling per innbygger (kommune)	230	164	165	164	164	165	165	0	
Årsgebyr for feiing og tilsyn - ekskl. mva. (kr) *)	581	659	659	658	659	659	540	631	63

*) Inflasjonsjustert med deflator

**) Justert for utgiftsbehov

Kommunalsjef Landbruk og Teknisk

Innleiing

Kommunalsjef for landbruk og teknisk har på overordna nivå ansvar for etaten sine fagområde.

Fagområda i etaten er :

- Samfunnsutvikling
- Arealplan og byggesak
- Vatn og avløp
- Miljø og naturforvaltning
- Landbruk, skogbruk og viltforvaltning
- Landmåling, kart og GIS
- Teknisk drift, reinhald og kommunal eigedomsforvaltning

Fordeling på hovudart

Beløp i 1000

	Rekneskap	Budsjett	Rev.budsjett	Økonomiplan			
	2024	2025	2025	2026	2027	2028	2029
Driftsutgifter							
Lønn	3 253	3 159	3 159	3 263	3 263	3 263	3 263
Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon	980	1 360	1 360	1 234	1 234	1 234	1 234
Kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal egenproduksjon	14	0	0	0	0	0	0
Overføringsutgifter	243	253	253	3	3	3	3
Sum Driftsutgifter	4 490	4 773	4 773	4 500	4 500	4 500	4 500
Driftsinntekter							
Salgsinntekter	0	-70	-70	-70	-70	-70	-70
Refusjoner	-258	-3	-3	-3	-3	-3	-3
Sum Driftsinntekter	-258	-73	-73	-73	-73	-73	-73
Sum	4 232	4 700	4 700	4 427	4 427	4 427	4 427

På driftsida har etaten tre avdelingar med avdelingsleiar i kvar avdeling:

- VA avdeling: avdelingsleiar, kommunalteknikar og 4 driftsoperatørar.
- Bygg, veg og eigedom: avdelingsleiar og 7 byggdreftarar
- Reinhald: avdelingsleiar inkludert reinhaldspersonell

Forvaltningssida ligg direkte under kommunalsjef:

- Rådgjevar: ein tilsett
- Byggesak: to tilsette
- Arealplan: to tilsette
- Tilsyn spreidde avløp: ein tilsett
- VGIS: ein tilsett
- Oppmåling: ein tilsett
- Landbruk, miljø- og naturforvaltning: to tilsette

Utfordringar og strategi

- Utvikle gode bumiljø.
- Utvikle gode tenestetilbod.
- Medverke til at kommuneplanen sine målsetjingar blir oppfylte.
- Utføre lovpålagte oppgåver innanfor dei tidsfristar og det handlingsrom kommunen har.
- Legge til rette for næringsutvikling.
- Bidra til å leggje tilhøva til rette for å halde oppe og vidareutvikle jord-, skog- og utmarksnæringar og aktuelle tilleggsnæringar i Vang
- Ivareta og vidareutvikla etaten sine medarbeidarar gjennom oppfølging, kursing og vidareutdanning
- Forvalte å utvikle den kommunale bygningsmassa
- Tilpasse oss ein digital kvardag
- Halde oss oppdatert

Samandrag budsjett

I 2025 vart det vedteke ei støtteordning for naturfare, KS-022/25. Det vart sett av 250 000 kr til ordninga i 2025. I ordninga står det at beløpet for støtteordninga stadfestast kvart år i årsbudsjettet. Det blir føreslege å ta ut midlane til denne støtteordninga i 2026. Per 30.10.2025 er det ikkje blitt søkt på ordninga. For 2026 er det føreslege å sette av midlar til kartlegging av naturfare i samband med arbeidet med kommuneplanen sin arealdel, og ser seg nødt til å prioritere noko anna ned.


Plan , kart og byggesak Innleiing

Plan, kart og byggesak omfattar følgjande funksjonar

- 301 plansaksbehandling
- 302 byggesaksbehandling
- 303 kart og oppmåling
- 360 naturforvaltning
- 361 miljøforvaltning og forureining

I budsjettet samlar me alle desse under ansvar 481.

Brutto utgifter i % av kommunen sine totale brutto utgifter




Fordeling på hovudart
Beløp i 1000

Økonomiplan for 2026-2029

	Rekneskap	Budsjett	Rev.budsjett	Økonomiplan			
	2024	2025	2025	2026	2027	2028	2029
Driftsutgifter							
Lønn	5 526	6 498	6 498	6 865	6 865	6 865	6 865
Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon	3 134	5 418	5 418	4 338	4 338	4 338	4 338
Kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal egenproduksjon	349	4 960	4 960	4 960	4 960	4 960	4 960
Overføringsutgifter	711	400	400	400	400	400	400
Sum Driftsutgifter	9 719	17 276	17 276	16 563	16 563	16 563	16 563
Driftsinntekter							
Salgsinntekter	-1 137	-6 566	-6 566	-6 696	-6 696	-6 696	-6 696
Refusjoner	-4 139	-5 154	-5 154	-3 755	-3 755	-3 755	-3 755
Sum Driftsinntekter	-5 276	-11 720	-11 720	-10 451	-10 451	-10 451	-10 451
Sum	4 443	5 556	5 556	6 112	6 112	6 112	6 112

Fordeling på teneste (graf)

Beløp i 1000 kr



Fordeling på teneste (Tabell)

Beløp i 1000

	Rekneskap	Budsjett	Rev.budsjett	Økonomiplan			
	2024	2025	2025	2026	2027	2028	2029
Administrasjonslokale	-120	0	0	-130	-130	-130	-130
Interkommunale samarbeid	0	13	13	32	32	32	32
Plansaksbehandling	1 317	2 656	2 656	2 686	2 686	2 686	2 686
Byggesaksbehandling og eigarseksjonering	1 470	1 726	1 726	1 188	1 188	1 188	1 188
Kart og oppmåling	1 575	1 062	1 062	880	880	880	880
Naturforvaltning/friluftsliv	30	0	0	868	868	868	868
Miljøforvaltning og forurening	143	100	100	589	589	589	589
Sum	4 443	5 556	5 556	6 112	6 112	6 112	6 112

Utfordringer og strategi

301 plansaksbehandling

Det er innanfor plan både kommuneplanarbeid og arbeid med private reguleringsplanar. Det blir viktig framover å setje av tilstrekkeleg med tid og ressursar for å sikre framdrift med kommunale planar no når rullering av kommuneplanen sin arealdel (KPA) står for tur. Ein kan vente at gebyrinntekter frå behandling av private reguleringsplanar vil gå noko ned i denne perioden. Det blir sett av 1 000 000 kroner til konsulentbistand i arbeidet med KPA inkludert bruk av rammeavtale med advokatbistand og 500 000 kr for kartlegging av naturfare inn mot KPA.

302 byggjesaksbehandling

Aktiviteten på byggjesak variera ut i frå marknaden. Dei siste åra har ein sett ein reduksjon i talet nye fritidsbustadar, men samstundes har det vore ei auke i nye bustadar og fleirmannsbustadar. Ein ser behovet for ein oppdatert kommuneplan der ein også tek stilling til bygningar i LNFR for å avklare ynskja utvikling for desse og redusera talet dispensasjonsvurderingar.

Det er gjort endringar i gebyra på byggjesak for bustad og fritidsbustadar slik at gebyret sin storleik ikkje er avhengig av bygget sin storleik. Det er vurdert at saksbehandlingstida ikkje er direkte avhengig av dette. I staden for kvadratmeter er gebyret i differensiert i forhold til talet bueiningar i bygget.

303 kart og oppmåling

Dei siste åra har me måtte bruke ein del midlar på konsulentbistand då det har vore utskifting av tilsette. Frå 2026 vil det bli brukt mindre på konsulentbistand og fast tilsett er på plass.

360 naturforvaltning

Oppfølging av kommunedelplan naturmangfald inn mot KPA, det er føreslege å sette av 800 000 kr til kartlegging av naturmangfald.

361 miljøforvaltning og forureining

- Kommunen har ansvar for å gje utsleppsløyve.
- Kommunen har ansvar for å føre tilsyn med spreitt avløp hos private og verksemdar med eige avløpsanlegg.
- Kommunen har mange gamle private avløpsanlegg med dårlig reinsing etter dagens standard og krav.
- Det har blitt gjennomført fleire tilsyn i 2025 som skal følgjast opp samstundes som me held fram med nye tilsyn. Det er sett av 100 000 kr til juridisk bistand i dette arbeidet.


Drift kommunale anlegg

Drift kommunale anlegg inkluderer ansvar

- 430 Kommunale bygg
- 431 Reinhold
- 470 Vegar og gatelys

Brutto utgifter i % av kommunen sine totale brutto utgifter

Økonomiplan for 2026-2029




Fordeling på hovudart

Beløp i 1000

	Rekneskap 2024	Budsjett 2025	Rev.budsjett 2025	Økonomiplan			
				2026	2027	2028	2029
Driftsutgifter							
Lønn	11 879	12 035	12 035	14 022	14 022	14 022	14 022
Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon	14 575	11 508	11 508	16 562	16 562	16 562	16 562
Kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal egenproduksjon	56	50	50	50	50	50	50
Overføringsutgifter	3 423	707	707	567	567	567	567
Sum Driftsutgifter	29 933	24 299	24 299	31 201	31 201	31 201	31 201
Driftsinntekter							
Salgsinntekter	-3 317	-3 549	-3 549	-3 749	-3 749	-3 749	-3 749
Refusjoner	-4 279	-809	-809	-1 469	-1 469	-1 469	-1 469
Finansinntekter og finansieringstransaksjoner	-6	0	0	0	0	0	0
Sum Driftsinntekter	-7 602	-4 358	-4 358	-5 218	-5 218	-5 218	-5 218
Sum	22 331	19 941	19 941	25 983	25 983	25 983	25 983

Fordeling på eining (graf)

Beløp i 1000 kr



Beløp i 1000

Fordeling på eining (tabell)

	Rekneskap	Budsjett	Rev.budsjett	Økonomiplan			
	2024	2025	2025	2026	2027	2028	2029
Drift kommunale anlegg	22 331	19 941	19 941	25 983	25 983	25 983	25 983
Sum	22 331	19 941	19 941	25 983	25 983	25 983	25 983

Beskriving av verksemda i dag

Større krav til kompetanse ved drift av kommunale bygg enn før, blir meir og meir komplisert. Kommunen si bygningsmasse er stor, og dei kommunale bustadane kommunen har er eldre og har etterkvart større behov for vedlikehald. Kommunen nyttar verktøyet Famac for å systematisere informasjon om dei ulike bygningane og legge inn aktivitetar med tidsfristar.

- Vang kommune si bygningsmasse skal vere tilpassa det gjeldande behovet
- Bygningsmasse skal vedlikehaldast på ein slik måte at det fremstår tiltalende og ikkje har vedlikehaldsetterslep
- Drifting av bygningsmasse skal ha fokus på ENØK

Utfordringar og strategi

Utviklingsmål

Optimalisere vedlikehald og utarbeide ein vedlikehaldsplan på all kommunal bygningsmasse. Bruke Famac meir aktivt opp mot vedlikehaldsplanar.

Vurdere talet kommunale bustader for utleige samt type einingar ein treng og kven dei kommunale bustadane skal leigast ut til.

Handlingsplan 2026

- Oppdatere og fylje opp planar for vedlikehald.
- Halde fram med å bruke FDV-systemet Famac og overføre vedlikehaldsplan til digitalt system.
- Etablere vedlikehaldsplan for utandørs installasjonar som kommunen har ansvar for.
- Etablere vedlikehaldsplan for brannstasjonane, og avklar om det er investeringsbehov.
- Avklare bruk av kommunale bygg, og vurdere om dagens bruk er den rette.
- Vurdere avhending av lite eigna bygg, for så å vurdere om desse skal erstattast av nye.

ReinhaldUtfordringar og moglegheiter

Samordne og skape fagmiljø i avdelinga.

Utviklingsmål

- Bidra til å nå målet om flest heile stillingar (heiltidskultur).
- Gjere gruppa meir synleg internt i kommunen.
- Samordne innkjøp.
- Sikre meir føreseieleg budsjettering.

Handlingsplan 2026

- Innfase ny reinhaldsleiar
- Følge opp reinhaldsplanane som er utarbeida.

Vegar og gatelys

Handlingsplan 2026

- Utarbeide ein vedlikehaldsplan for kommunale vegar
- Følge opp utbetring av
- Registrering av stikkrenner og sjekke behov for utskifting/ kapasitesøyking

Det blir i 2026 føreslege å ta ut støtte til private vegar, 140 000 kr. Gjeldande retningslinjer for tildeling av vedlikeholdstilskot til private vegar vart vedteke i formannskapet i sak 27/94.

Bustadfelt og tomter

Fordeling på hovudart

Beløp i 1000

	Rekneskap 2024	Budsjett 2025	Rev.budsjett 2025	Økonomiplan			
				2026	2027	2028	2029
Driftsutgifter							
Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon	154	0	0	0	0	0	0
Overføringsutgifter	38	0	0	0	0	0	0
Sum Driftsutgifter	192	0	0	0	0	0	0
Driftsinntekter							
Salgsinntekter	-49	-47	-47	-47	-47	-47	-47
Refusjoner	-38	0	0	0	0	0	0
Sum Driftsinntekter	-87	-47	-47	-47	-47	-47	-47
Sum	105	-47	-47	-47	-47	-47	-47

Beskriving av verksemda i dag

Det er kommunale bustadfelt på Tyinkrysset, i Vang, på Åsvang og i Ryfoss.

Vatn og Avløp

Vang kommune skal levere nok vatn av god kvalitet som ikkje fører til sjukdom. Vassforsyninga skal vera stabil og sikker.

Reinsing av kloakk skal oppfylle gjeldande lover og reglar, samt drivast på ein kostnadseffektiv måte.

Brutto utgifter i % av kommunen sine totale brutto utgifter

Fordeling på hovudart


Beløp i 1000

Økonomiplan for 2026-2029

	Rekneskap	Budsjett	Rev.budsjett	Økonomiplan			
	2024	2025	2025	2026	2027	2028	2029
Driftsutgifter							
Lønn	3 098	3 778	3 778	4 863	4 863	4 863	4 863
Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon	4 391	3 799	3 799	3 784	3 784	3 784	3 784
Kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal egenproduksjon	8 480	103	103	103	103	103	103
Overføringsutgifter	98	0	0	0	0	0	0
Sum Driftsutgifter	16 067	7 680	7 680	8 750	8 750	8 750	8 750
Driftsinntekter							
Salgsinntekter	-19 836	-13 710	-13 710	-18 210	-18 210	-18 210	-18 210
Refusjoner	-82	-140	-140	-230	-230	-230	-230
Sum Driftsinntekter	-19 919	-13 850	-13 850	-18 440	-18 440	-18 440	-18 440
Sum	-3 852	-6 170	-6 170	-9 690	-9 690	-9 690	-9 690

Fordeling på eining (graf)

Beløp i 1000 kr



Beløp i 1000

Fordeling på eining (tabell)

	Rekneskap	Budsjett	Rev.budsjett	Økonomiplan			
	2024	2025	2025	2026	2027	2028	2029
Vatn og Avløp	-3 852	-6 170	-6 170	-9 690	-9 690	-9 690	-9 690
Sum	-3 852	-6 170	-6 170	-9 690	-9 690	-9 690	-9 690

Beskriving av verksemda i dag

Status og utviklingstrekk

- Oppdemt behov for vedlikehald på vatn- og avløpsanlegg.
- Det manglar VA-planar i områder med ynskje om utbygging.
- Utfordrende med bemanning for å ha vaktordning.
- Krevjande å drifte VA- anlegga gjennom høgtider.

Kommentarer til investeringsbudsjettet

Det er planlagt store investeringar på VA- i fireårsperioden.

